



SAKSHANDSAMAR  
Ingunn Holm

VÅR REF.  
14/01953-20

ARK. Forvaltningsarkivet  
311.1

INNVALSTELEFON

+47 98202805

DYKKAR DATO

VÅR DATO  
04.12.2014

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

Hordaland Fylkeskommune

12 DES 2014

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

## Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2015

Den regionale kulturminneforvaltinga og Riksantikvaren skal i fellesskap nå nasjonale mål på kulturminnefeltet fram mot år 2020. Dette er Riksantikvarens årlege brev som viser prioriteringane våre, og ønska og måla våre, for samarbeidet med regional kulturminneforvalting i 2015. Brevet er delt i ein generell del, og ein del som er spesifikk for den einskilde fylkeskommunen eller Sametinget.

**Forslag til statsbudsjettet for 2015, Stortingsmelding 35 (2012-13) Framtid med fotfeste og nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging som er gitt i kongeleg resolusjon, ligg til grunn for følgjande prioriterte område:**

- Styrke arbeidet med Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga
- Arbeide vidare med overføring av oppgåver fra sentral til regional kulturminneforvalting
- Styrke rapporteringsrutinane for tilskotsordningane
- Meir målretta og effektivt fredingsarbeid

### Føringar frå statsbudsjettet for 2015

I statsbudsjettet står måla for resultatområde 2 *Kulturminne og kulturmiljø*, med tilhøyrande indikatorar. Når det gjeld budsjettsituasjonen for kulturminnefeltet for 2015, har vi valt å sende ut dette prioriteringsbrevet før budsjettet er endeleg vedteke. Vi må ta etterhald om dette. I framlagt budsjett er det ei styrking av tilskot til brannsikring av stavkyrkjer og tette trehusmiljø. Denne posten er prioritert opp med 20 millionar kroner, noko som er svært positivt. Det er elles ingen lyft på tilskotspostar. Tilskotsposten for tekniske og industrielle anlegg blir kutta med 8 millionar kroner og i tillegg blir det eit mindre kutt på verdsarvposten. Det er elles ingen omfattande budsjettendringar, og det er derfor nødvendig å gjere gode prioriteringar for 2015.

Årets prioriteringar frå Riksantikvaren representerer ei satsing på å få ei effektiv og moderne kulturminneforvalting på alle nivå.

### Hovudprioriteringar

#### Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga

Kunnskapsløftet er ei omfattande satsing for å modernisere og effektivisere kulturminneforvaltinga, og få oversikt over verneverdige kulturminne. Føresetnader for å få til dette, er å styrke kunnskapen og kompetansen om kulturminne i kommunane. Dette kan gjerast ved at kommunane lagar kulturminneplanar, får denne kunnskapen inn i digitale

register og gjer informasjonen lett tilgjengeleg for dei ulike forvaltningsnivåa. Kunnskapsløftet må også sjåast i samanheng med overføring av arbeidsoppgåver og styrking av den regionale kulturminneforvaltinga.

For 2015 vil vi særleg nemne desse satsingane:

- Fylkeskommunane har ei viktig rolle som pådrivar og rettleiar for å sikre økt kompetanse i kommunane ved at det blir utarbeidt kommunale kulturminneplanar, og gjere kommunane meir ansvarlege på kulturminnefeltet.
- I 2015 prioriterer Riksantikvaren arbeidet med ein kulturminneportal som skal gi integrert tilgang til digitale kjelder som er nødvendige for forvaltinga av kulturminna. På toppen av denne integrasjonsløysinga ønskjer vi å utarbeide nettbaserte verkty som vil forenkle saksbehandlinga. Fylkeskommunane vil bli forløpande orienterte om framgangen i dette arbeidet.

### **Delegering av arbeidsoppgåver**

Riksantikvaren har gjennomført eit prosjekt i 2013 og 2014 for å vurdere delegering av fleire oppgåver til fylkeskommunane. Arbeidet er forankra i Stortingsmelding 35, *Framtid med fotfeste*, som bl.a. seier at Klima- og miljødepartementet vil vidareutvikle Riksantikvarens rolle som direktorat og overføre større ansvar etter kulturminnelova til regional kulturminnestyresmakt. På den måten blir ansvaret lagt nærmare dei som eig og forvaltar kulturminna.

Ei delegering av styresmakt frå nasjonalt nivå til regionalt nivå vil kunne ha stor verdi for utøving av nasjonal kulturminnepolitikk. I den grad det er snakk om vesentlege endringar, krev dette ein ny gjennomgang av ansvarsforskrifta til kulturminnelova.

Riksantikvaren ønskjer i løpet av 2015 å delegere følgjande oppgåver til regionalforvaltinga:

- Forvalting av omgjevnadene til profane mellomalderbygningar
- Forvalting av omgjevnadene til freda, statleg eigedom
- Forvaltinga av flåten av vernaarty til utvalde fylkeskommunar som kan dokumentere kunnskap på feltet
- Styresmakt til å gi pålegg om retting av ulovlege tiltak knytt til automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 8 tredje ledd
- Ny fordeling av ansvar i visse saker etter kulturminnelova § 8 (tidlegare prøveprosjektet, sjå også avsnitt om arkeologi lenger ut i brevet)

Riksantikvaren arbeider med ein kulturminneportal der mellom anna arkiva våre og Askeladden skal vere tilgjengelege. Regionalforvaltinga vil få tilgang til arkiva våre gjennom denne plattforma i løpet av 2015. Før dette skjer vil Riksantikvaren sende over materiale der dette er naudsynt for sakshandsaminga. Det kan kome avklaring av ytterlegare oppgåver i endeleg brev.

For å sikre ei fagleg god forvalting er det viktig at regionalforvaltinga vidareutviklar og styrker kompetanse, fagmiljø og kapasitet. Riksantikvaren vil fylge opp delegeringa gjennom retningslinjer, kurs og rettleiingsmateriell i løpet av 2015.

### **Tilskotsforvaltinga**

Tilskotspostane på statsbudsjettet går i all hovudsak til bevaringsprogramma som skal hjelpe til å nå dei nasjonale miljømåla. I tråd med oppfølging av forvaltingsrevisjon i 2013 har Riksantikvaren, i samarbeid med fleire fylkeskommunar, utvikla ei ny tilskots- og rapporteringsfane i kulturminnebasen Askeladden. Frå 1.1.2015 skal denne løysinga erstatte manuell føring i rekneark *Askerapp* for bygningar som inngår i *Bevaringsprogram for freda bygg i*

*privat eige* (FRIP). Gjennom systematisk oppdatering av tilstandsregistreringar i Askeladden vil dette gi ei betre oversikt over den totale tilstanden til freda bygningar i privat eige. Det blir planlagt sentrale kurs og det vil bli gitt kurs/opplæring i den einskilde fylkeskommunen på førespurnad.

Delar av post 71 kan nyttast til spesielt verneverdige kystkulturminne, kulturmiljø og landskap sjølv om dei ikkje er freda. Riksantikvaren oppmodar regionalforvaltinga til å vurdere om det er slike formål som bør prioriterast.

Ved istandsetjing av freda bygningar i privat eige forventar Riksantikvaren at regionalforvaltinga sikrar kvaliteten i saksbehandling, utførd istandsetjing og rapportering ved at:

- Regionalforvaltinga tek i bruk Askeladden for oppfølging av tilskot og rapportering av tiltak og prosjekt som har fått tilskot.
- Alle tiltak som får tilskot skal vere registrert i Askeladden med tilstandsgrad før istandsetjing. Tilsegn om tilskot skal følgjast opp med tilsegnsbrev og ev. dispensasjonsvedtak som gir tilstrekkeleg detaljert grunnlag for styring av utføringa.
- Regionalforvaltinga set seg inn i, og følgjer opp, nye presiseringar i forhold til bruken av midlane i komande tilsegnsbrev.
- Regionalforvaltinga følgjer opp istandsetjingstiltaka undervegs. Om det ikkje er tilstrekkeleg oppfølgingskapasitet, kan 5 - 15 % av tilskotsummen brukast til antikvarisk byggjeliing og dokumentasjon.
- Det blir levert økonomisk rapportering og ein rapport med bilete frå det fysiske arbeidet sjølv om ikkje alle skader på bygningen er reparert. Heile tilskotet til eigar skal ikkje utbeta last før det finst ein sluttrapport eller ein rapport frå årets aktivitetar.
- At ingen tiltak blir sett som sluttført utan at ny tilstandsregistrering er registrert i Askeladden. Dette sikrar grunnlag for vidare rapportering for kulturminneforvaltinga.

Dei same prinsipp bør følgjast av Sametinget i forhold til den delen av Post 71 som blir overførd til og blir forvalta av Sametinget som del av Bevaringsprogrammet for samiske kulturminne. Val av tilskotsobjekt bør ta utgangspunkt i resultata frå registreringsprosjektet for automatisk freda samiske bygningar.

### Fredingsarbeidet

Arbeidet med fredingsstrategien har vara i fleire år, og er no i sluttfasen. Strategien skal tilrå retning for korleis kulturminneforvaltinga skal løyse dei nasjonale måla som regjeringa og Stortinget har sett for kulturminnepolitikken og fredingsarbeidet. Strategien skal blant anna legge rammer for kulturminneforvaltinga sitt fredingsarbeid fram mot 2020. Viktige prinsipp er blant anna at nye fredingar i all hovudsak skal supplere der fredingslista har dei største manglane, ved at strategien inneheld ei liste med prioriterte tema. Utveljing av kulturminnetypar for freding og oppstart av fredingssaker skal skje i eit nært samarbeid mellom Riksantikvaren og regionalforvaltinga. I utveljinga av kva som skal fredast og omfanget av fredinga skal blant anna eigaren sine ønskje og behov bli lagt vekt på. I fredingsstrategien del C blir det presentert ei prioritert liste over tema som skal vere utgangspunkt for nye fredingar fram mot 2020. I fredingsstrategien del 2, handlingsplan, er det lista opp ei rekke arbeidsoppgåver for 2015.

Riksantikvaren ønskjer at regionalforvaltinga, prioriterer i følgjande rekjkjefølgje:

- å avslutte pågående fredingssaker, jf. fylket sine eigne framdriftsplanar frå våren 2014
- å oppheve eller starte ordinær fredingssak for alle mellombelse fredingar

- som hovudregel berre starte nye fredingssaker når desse fell inn under prioriteringlista i fredingsstrategien
- å hjelpe til å kartlegge det regionale kunnskapsgrunnlaget for etterreformatoriske, arkeologiske kulturminne

Som ei oppfølging av *Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014* (brevet frå i fjer) har Riksantikvaren motteke rapportering frå alle fylkeskommunane om fredingsarbeid og pågåande fredingssaker. Riksantikvaren ønskjer ein dialog med kvar enkelt fylkeskommune om oppfølginga av fredingssakene. Dersom framdrifta for den einskilde saka blir endra i forhold til innsend framdriftsplan, ber vi om rapportering på dette.

#### *Landsverneplaner i statleg sektor, forskriftsfreding*

Riksantikvaren skal sluttbehandle forskriftsfreding av verneplaner for mange departement, bl.a. for Klima- og miljødepartementet, Kulturdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, Statsbygg og Statkraft. Riksantikvaren vil oppfordre regionalforvaltinga til å vere aktive i høyringsprosessane som kjem i 2015. Regionalforvaltinga har kunnskap om lokale og regionale forhold som ikkje Riksantikvaren kjenner til.

#### **Andre tema som Riksantikvaren vil informere om**

##### **Arkeologi**

Riksantikvaren ønskjer å legge til rette for ytterligare delegering knytta til automatisk freda arkeologiske kulturminner. I dialog med Klima- og miljødepartementet blir det sett på løysingar for å forenkle og effektivisere dagens forvaltingsrutinar. I denne perioden vil prøveprosjektet med delegert myndighet vidareførast i sin noverande form med eitt unntak; Buskerud fylkeskommune og Sametinget vil på nytt bli invitert til å delta i den midlertidige ordninga.

Regional kulturminneforvalting har levert gode høyringsfråsregn til forslaget om retningslinjer for budsjettering av undersøkingar knytta til kulturminneloven § 9-, jf. § 10. Riksantikvaren tar sikte på å arbeide med dette materialet for oversending til departementet før jul i år. Vi er foreløpig ikkje kjent med når Klima- og miljødepartementet vil la dei nye retningslinjene til ta til å gjelde.

Så langt har Riksantikvaren motteke få saker som fell inn under ny ordning for tilskot til drenering av landbruksjord. Fylkeskommunane blir oppfordra til å gjennomføre registreringar i slike område dersom potensialet for funn av automatisk freda kulturminne blir vurdert som høgt. Ved konflikt med automatisk freda kulturminne og vedtak om dispensasjon for gjennomføring av tiltaket, vil kostnader til arkeologiske undersøkingar dekkjast av staten. Riksantikvaren vidarefører innsatsen på skjøtsel og tilrettelegging av bergkunst og andre automatisk freda arkeologiske kulturminne gjennom bevaringsprogramma BERG og BARK (jf. nasjonale miljømål 2.2).

Riksantikvaren vil også understreke at direktoratet ser utfordringane med auka aktivitet frå privatpersonar som driv med metallsøking, og at dette kan føre til meir arbeid for regionalforvaltinga. Vi følgjer denne utviklinga tett.

##### **Plan- og bygningslova**

Plan- og bygningslova er det viktigaste verkemiddelet for å nå målet om å redusere tap av verneverdige kulturminne, i tillegg til samarbeid, informasjon, rådgiving og tilskot.

Riksantikvaren ønskjer at regionalforvaltinga hjelper til med at kommunane bruker plan- og

bygningslova for å sikre kulturminneinteressene, ikkje minst gjeld dette arbeidet med å lage kommunale kulturminneplanar. Det er også viktig at regionalforvaltinga bruker verkty som landskapsanalyse, kulturhistorisk stadsanalyse (DIVE) og NB!-registeret. Riksantikvaren tar gjerne i mot korrigeringar, suppleringar og grunngivingar til dagens NB!-tekstar og delområde. I åra som kjem blir det ein sterk forventa befolkningsvekst i og rundt dei største byane, derfor er det ønskjeleg med ein kritisk gjennomgang av NB!-områda her.

### Motsegner

Klima- og miljødepartementet ønskjer ei klargjering av kva som er nasjonale og vesentlege regionale kulturminneinteresser og kva som er innslagspunktet for motsegner. Dette for å følgje opp rundskriv H-2/14 om motsegner frå kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanners brev av 19. februar 2014 om behovet for raske og effektive planprosessar.

Riksantikvaren er i dialog med Klima- og miljødepartementet om avklaring og definering av omgrepet *nasjonale* kulturminneinteresser, og tydeleggjering av det som blir forstått som innslagspunktet for motsegner. Riksantikvaren vil saman med regional kulturminneforvalting sjå på kva som er nasjonale kulturminneinteresser, kva grep ein kan ta for at planprosessar skal vere rasjonelle og effektive, og samtidig resultere i gode planar som tar vare på kulturarven. Det vil framover også bli stilt større krav til grunngivingar for motsegnene til kulturminneforvaltinga.

### Planstrategiar for perioden 2015-2019

I 2015 startar arbeidet med nasjonale, regionale og kommunale planstrategiar for perioden 2015-2019. Det er viktig at arbeidet med regionale og kommunale kulturminneplanar blir forankra i planstrategien. Riksantikvaren oppmodar regionalforvaltinga om å peike på dette også i høyringsfråsegnene til kommunale planstrategiar.

### Verdiskaping

Tilskotsmidlane til verdiskaping for 2015 utgjer ca. 8 mill. kr. Pilegrimsleden, Kultur- og naturreise og prosjekt som er i gang og som leverer gode resultat, vil bli prioriterte.

Verdiskapingsarbeidet bør sikte mot langsiktig forvalting av kulturminne, kulturmiljø og landskap, og sjåast i samanheng med

- andre satsingar innan kulturminneforvaltinga, m.a. kulturmiljøfredingar og verdsarv, slik at verkemidla står kvarandre
- regionale nærings- og utviklingsstrategiar slik at kulturminneinnsats vert kopla saman med bruk av regionale utviklingsmidlar, kompetansetiltak, næringsnettverk m.v.
- plan- og utviklingsarbeid i kommunane slik at kommunale kulturminneplanar og -tiltak vert ein positiv faktor for næringsutvikling, medverking, engasjement og lokale ressursar m.v.

Verdiskapingsarbeidet har gode føresetnader for å lukkas der kulturminneforvaltinga går inn i partnarskap med andre offentlege aktørar, eigarar, næringsliv, frivillige og kunnskapsmiljø. Regionalparkar er ein interessant måte å organisere slike partnarskap.

### Krigens kulturminne

Kulturminne frå andre verdskrig blir eit satsingsområde i kulturminneforvaltinga i 2015 og 2016. I 2015 skal Riksantikvaren gjennomføre prosjektet *Krigens kulturminne*. Prosjektet skal lyfte fram kulturminna knytt til krig, både den tyske okkupasjonen og den kalde krigen. Holocaust og minna etter dei utanlandske krigsfangane er også ein del av denne satsinga. Vidare skal prosjektet rette merksemda mot område av krigshistoria som har vore fortagde eller gløymt. Dette skal gjerast gjennom formidling, registrering og vern- og forvaltingstiltak.

Fylkeskommunen og kommunen vil få ei sentral rolle i prosjektet. Arbeidet vil også gjerast i

samarbeid med andre sektorar, museum, kunnskapsinstitusjonar og frivillige. Aktivitetane skal foregå parallelt i heile perioden 2014-2016, men registreringane må ha kome til eit visst nivå før det blir arbeidt med utval for vern. Regionalt registreringsarbeid bør vere tilpassa arbeidet vårt i løpet av 2015.

### **Moglegheiter for tilsyn med kulturminne**

Riksantikvaren oppmodar fylkeskommunane og Sametinget til å nytte moglegheita for at Statens Naturoppsyn (SNO) kan føre tilsyn med kulturminne. Riksantikvaren minner om at dialogmøte mellom SNO og regional kulturminneforvalting skal finne stad i 2015. I dialogmøta skal ein avtale samarbeidsprosjekt om tilsyn med -, eller registrering av kulturminne. SNO inviterer til bestillingsdialogmøte der kulturminneforvaltinga kan leggje fram ønskjer om kva kulturminne det skal førast tilsyn og kontroll med eller kvar det bør gjennomførast registreringar eller skjøtselsoppgåver. Desse møta skjer årleg, som regel i desember. SNO vil vurdere kva prosjekt som kan bli gjennomført innanfor tildelte ressursar. I løpet av våren året etter gir SNO tilbakemelding om kva prosjekt som kan gjennomførast innanfor deira tildelte ressursar.

### **Friluftslivets år**

2015 er *Friluftslivets år*. Dette er eit høve til å synleggjere at kulturminna òg er viktige for friluftslivet. Riksantikvaren oppmodar kulturminneforvaltinga til å vurdere kva regionale og lokale arrangement som er eigna til dette.

### **Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse**

*Kulturhistoriske landskap* er Riksantikvarens prosjekt for å identifisere landskap av nasjonal kulturhistorisk interesse. Kommunar, eigarar, næringsaktørar mv. får eit tidleg og tydeleg signal om at landskapa bør forvaltast med høg grad av aktsemd, samtidig som verdiane i landskapet kan gi utviklingsmoglegheiter. I 2014 vart forprosjekt gjennomført i Hordaland og Østfold, i nært samarbeid med fylkeskommunane. Riksantikvaren vurderer i 2015 å gå vidare i inntil fem fylke. Då treng vi samarbeid med dei aktuelle fylkeskommunane og Sametinget. Vi kjem tilbake med ein nærmare invitasjon, men vil gjerne ha kontakt med interesserte allereie no.

### **Kulturminneforvaltinga og landbruket**

Riksantikvaren ønskjer at regionalforvaltinga hjelper landbruksavdelinga hos fylkesmannen, kommunar og grunneigarar med faglege råd i bruken av verkemidla i landbruket generelt og deltek aktivt i forvaltinga av *Utvælgte kulturlandskap i jordbruket* spesielt. Evalueringa i 2014 viste at denne satsinga er vellukka, men i nokre område er det ønskjeleg med sterkare involvering og fagleg rådgjeving frå kulturminneforvaltinga. I 2015 legg ein spesielt vekt på utvikling av nytt rapporteringssystem og områdespesifikke mål.

### **Sektoravgift under Olje - og energidepartementet. Post 70 Bidrag til kulturminnevern**

Sektoravgift for kulturminnevern er ei ordning som vart innført i 2008 for å dekkje kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Det er konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje vart gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygging, som vert omfatta av ordninga når konsesjon skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonären betaler ein sum basert på størrelsen på produksjonen i reguléringsmagasinet, og pengane vert sett til disposisjon for kulturminneforvaltinga. Riksantikvaren forvaltar sektoravgiftsordninga. Forvaltingsmusea og fylkeskommunane/Sametinget gjennomfører prosjekta i felt. Så langt er det berre eit fåtal saker, som er omfatta av ordninga, der det har vore gjennomført arkeologiske undersøkingar. Det gjeld Vinstravassdraget og Tesse, begge i Oppland, og Byglandsfjord i Aust-Agder. For Skjerka i Vest-Agder ligg det an til at det blir oppstart av prosjekt i 2015. Riksantikvaren er i dialog med fylkeskommunen og aktuelle forvaltingsmuseum om dette. Midlane til Skjerka vart avklart i

revidert nasjonalbudsjett i 2014, noko som også omfattar Selbusjøen. I forslag til Statsbudsjettet for 2015 er Møsvatn og Årdal meldt inn. Når det vert aktuelt tek Riksantikvaren kontakt med regional kulturminneforvalting og respektive forvaltingsmuseum om eventuelle prosjekt i Selbusjøen, Møsvatn og Årdal.

### **Askeladden**

Riksantikvaren arbeider kontinuerleg med å forbetre og vidareutvikle den nasjonale kulturminnebasen Askeladden. Vi ber om tilbakemelding på funksjonalitet som kan gjerast betre og forslag/behov for ny funksjonalitet.

Til slutt vil vi minne om dei nasjonale miljømåla som blir lagt til grunn for prioriteringane til kulturminnevernet:

- 2.1 Tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimerast. Innan 2020 skal det ligge føre oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.
- 2.2 Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan år 2020.
- 2.3 Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan år 2020.
- 2.4 Freda bygningar, anlegg og farty skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan år 2020.

### **Særlege utfordringar for regionalforvaltinga i Hordaland**

Ovanfor er det vist til sentrale føringar innan kulturminneforvaltinga. Det er fleire måtar å nå måla på, og det er ønskjeleg at den einskilde regionalforvalting, innanfor lover og forskrifter, kjem med sine eigne løysingar. Andre satsingsområde kan sjølv sagt også vektleggjast, men skal ikkje fortrengje arbeidet som relaterer seg til nasjonale mål med tilhøyrande indikatorar.

Vi har bede fylkeskommunen spele inn særlege satsingar og utfordringar. Hordaland har spelt inn følgjande:

### **Prioriterte satsingar i 2015**

#### *1. Oppfølging av Regional plan for kultur 2015-2025*

Ny regional plan for kultur vert vedteke i fylkestinget i desember 2014. Planen gjev retninga for kulturminneforvaltinga i heile planperioden og prioriterer innsatsen dei komande åra.

Kulturminneforvaltinga legg planen sitt handlingsprogram til grunn for innrettinga av arbeidet i 2015. Den regionale planen er i tråd med nasjonale mål, jf. St. meld nr. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste: Kulturminnepolitikken*.

#### *2. Kulturminnekompesanse i kommunane 2013-2016*

Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt: *Kulturminnekompesanse i kommunane 2013- 2016* er den regionale oppfølginga av del av det nasjonale *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga*. Midlar frå Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune utløyser kommunal kompetanse og innsats i heile fylket og vert prioritert i 2015.

#### *3. Freda kulturmine*

Styrka innsats i eldre fredingssaker, tettare oppfølging av eigalar og regelmessige rutinar for registrering av tilstandsgrad og rapportering av tilskot til feda kulturminne i heile Hordaland.

Høg innsats i istandsettingsprogrammet for freda hus i privat eige. Utgreie og vurdere etablering av ny regional tilskotsordning til forvalting, drift og vedlikehald av utvalde kulturminne og farty.

#### 4. Arbeidstilhøve

Alle tilsette i kulturminneforvaltinga i fylkeskommunen (24 faste stillingar, 6 mellombelse) er samlokalisert i 2014. Dette har ført til ei styrking av det faglege arbeidet i og har utvikla samarbeidet på alle fagområde, særleg i høve forvaltinga av arkeologi og nyare tids kulturminne. Dette arbeidet held fram i 2015.

Fagleg breidd, politisk forankring av kulturminnevernet og samarbeid med andre gjer at Hordaland fylkeskommune står godt rusta til å ta på seg nye oppgåver i 2015.

#### Utfordringar 2015

- *Fokus på kjerneoppgåvene*

Auka tal på saker og omfattande forvaltingssaker som er venta i løpet av 2015, gjer at det er nødvendig å prioritere strengt og ha merksemd på ei effektiv kulturminneforvalting. Både forvaltinga av arkeologi og kulturminne frå nyare tid får særleg merksemd.

- *Tap av kulturminne i kommunane:*

Høg aktivitet i mange kommunar gjer at tapet av lokale kulturminne er omfattande. Det er nødvendig å vidareutvikle kulturminnekompasen i lokal forvalting, setje meir merksemd på arealplanlegginga, og styrke samarbeid med sivilsamfunnet (musea, lag, organisasjonar, næringsliv og private). Ordningane for antikvarisk rådgjeving må vidareutviklast, ein treng meir merksemd på bruk og vedlikehald og styrka verkemiddel og tilskotsordningar i sams spel mellom offentleg og privat sektor.

- *Kulturminne som ressurs:*

Det er nødvendig å vidareutvikle arbeidet med å utarbeide, setje i verk og rullere prioriterte planar for skjøtsel og tilrettelegging i kommunane. Etablerte tilretteleggings- og verdiskapingsprosjekt krev tydeleg oppfølging i 2015.

- *Utvikle og utarbeide bevarings- og formidlingsprogram for utvalde kulturminnekategoriar.*

I tråd med Regional plan for kultur 2015-2025 er det peikt på kulturminnekategoriar som merkar seg ut i Hordaland. Det må setjast auka merksemd på bevaring av desse, m.a. kystkultur og fartøy.

- *Internasjonalt samarbeid*

Vidareutvikla fagleg samarbeid med internasjonale partnarar i aktuelle kulturminnesaker; m.a.. nye strategiar og metodar for store og omfangsrike bevarings- og forvaltningsoppgåver.

#### Riksantikvaren sine kommentarar

Riksantikvaren er nøgd med fylkeskommunen sine prioriteringar. Dei møter behova i kulturminneforvaltinga på ein god måte. Riksantikvaren ser at dei utfordringane som fylkeskommunen har er krevjande. Å leggje vekt på samarbeid, rådgjeving og planlegging er ein god strategi for å møte utfordringane.

Fylkeskommunen har oppnådd fleire gode resultat i 2014.

- *Kulturminneforvalting:* Ordinære forvaltingsoppgåver, inkludert lovheimla sakshandsaming, er gjennomført med gode resultat og stadfestar ei sterkt kulturminneforvalting i Hordaland.
- *Kulturminneplanlegging:* Arbeidet med utvikling av ny *Regional plan for kultur 2015-2025* er gjennomført.
- *Kunnskapssløftet:* Dei fleste kommunane i Hordaland tek del i prosjektet *Kulturminnekompasen i kommunane 2013-2016*.

- *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse:* Fylkeskommunen har bidrige svært aktivt i gjennomføringa av prøveprosjektet
- *Kulturminne som ressurs:* Arbeidet i kommunane med omsyn til skjøtsel, tilrettelegging og formidling er vesentleg styrka. Hordaland fylkeskommune har etablert stillingsressurs til dette arbeidet. Det er etablert tilskotsordningar med eigne regionale retningsliner for alle typer kulturminne. Samarbeidet med musea om kulturminnevern har fått auka ressursar, og det er gjennomført ei rekke kulturminneprosjekt i regi av institusjonane og fylkeskommunen. I ordninga for kunst- og kulturformidling i skulen er det etablert eige fagråd og faggruppe for kulturarv med eksterne representantar.
- *Internasjonalt samarbeid:* Samarbeid med nasjonale og internasjonale partnarar om kulturminnevern er styrka og vidareutvikla.

Riksantikvaren meiner at det er svært viktig å samarbeide med kommunane for å utnytte moglegheitene som m.a. ligg i plan- og bygningslova. Som vist i del 1 av dette brevet er kulturminneplanar i kommunane ei av satsingane til Riksantikvaren også i 2015, og nokre kommunar i fylket har motteke midlar frå Riksantikvaren for å lage planar. Vi ser at det kan ligge utfordringar i oppfølginga, men vi meiner at dette er eit arbeid som på lang sikt kan bidra til å sikre utvalde kulturminne eit lokalt vern og generelt heve kompetansen i kommunane. Vi vil difor oppmøde fylkeskommunen til fortsatt å prioritere dette arbeidet, slik at både fylkeskommunen og kommunane kan dra nytte av Riksantikvaren si satsing, som går ut 2017.

Vidare har Odda kommune oppretta stilling for byantikvar med tilskot frå Riksantikvaren i to år. Vi håper denne stillinga vil føre til større medvit om kommunen sine kulturminneverdiar, og at byantikvaren blir ein god samarbeidspart for resten av forvaltinga. Vi har ein intensjon om at antikvarstillingane i kommunane blir ein permanent del av kulturminneforvaltinga, innanfor rammene av plan- og bygningslova (slik det allereie er i fleire kommunar).

Fylkeskommunen har bidrige vesentleg til prøveprosjektet *Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse*, og Riksantikvaren håpar at fylkeskommunen også vert ein god medspelar i ferdigstilling av dette i 2015. Direktoratet ser fram til ein vidare dialog med fylkeskommunen om prosjektet.

Fylkeskommunen har eit godt grep om verdiskapingsarbeidet på kulturminneområdet. Tre prosjekt som får støtte frå Riksantikvaren i 2014 gjennomførast delvis i fylket (Den kulturelle fjorden, Reiseliv i industriens vogge, Kystpilegrimsleia). Det er positivt at fylkeskommunen har engasjement for å følgje opp og koordinere verdiskapingsprosjekta, særleg med tanke på synergieffektar og kopling til reiseliv.

Vi er godt nøgd med at fylkeskommunen samarbeider med fylkeskommunane frå Rogaland til Sør-Trøndelag og bispedømma i det same området om prosjekt Kystpilegrimsleia. Vi føreset at fylkeskommunen held fram med økonomiske bidrag og personinnsats til prosjektet er ferdig i 2016.

Når det gjeld *Historiske vandreruter* ber vi fylkeskommunen om å støtte ruta Keiserstigen der Bergen og omland turistforeining har leiinga. Dette kan vere med kulturminnekompétanse og rådgjeving om registrering av kulturminne.

Riksantikvaren vil takke Hordaland fylkeskommune for positive bidrag i utvikling og test av ny funksjonalitet for tilskot i Askeladden.

Riksantikvaren har i 2014 fått gjennomført ei moglighetsstudie for smelteverkstomta i Odda. Riksantikvaren forventar at fylkeskommunen er løysingsorientert i balansen mellom mulighet for bevaring og framtidig bruk, i arbeidet med den vidare utviklinga av smelteverkstomta og oppfølginga av moglighetsstudien.

I *Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2014* frå Riksantikvaren til regionalforvaltinga av 28.11.2013 bad Riksantikvaren Hordaland fylkeskommune om å gå gjennom fredingssakene sine og vurdere om dei skulle gjennomførast eller avsluttast. Riksantikvaren bad vidare om rapportering med konklusjonar og grunngjeving i kvar einskild sak. Rapporten skulle innehalde ein realistisk framdriftsplan for gjennomføring i sakene som fylkeskommunen vedtek å vidareføre.

Hordaland fylkeskommune sendte rapport med framdrift som er summert opp i tabellen nedanfor.

| Kommune   | fredingssak   | §               | oppstart   | mellomb.fred. |
|-----------|---|-----------------|------------|---------------|
| Austevoll | Sjøbruksmiljø på Fagerbakke, Fagerbakkvågen                         | 22.4, jf. 15,19 |            | 29.03.2010.   |
| Bergen    | Forum kino, Fjøsangerveien 28                                       | 15              | sept. 2009 | 19.01.2006    |
| Bergen    | Klostergaten 28, Stranges stiftelse, gnr./bnr. 165/272              | 15              | 16.11.2011 |               |
| Bergen    | Kong Oscars gate 70   | 22.4 jf. 15     | 18.12.2013 | 03.07.2009    |
| Bergen    | Lars Hilles gt. 27  | 22.4, jf. 15    | 18.12.2013 | 28.10.2011    |
| Bergen    | Lars Hilles gt. 29  | 22.4, jf. 15    | 18.12.2013 | 25.05.2005    |
| Bergen    | Lønningen gard, Lilandsvegen 133                                    | 22.4, jf. 15    | 05.07.2013 | 05.07.2013    |
| Bergen    | Nygårdsparken   | 22.4 jf. 15     | 18.12.2013 | 29.04.2011    |
| Bergen    | Parkveien 34  | 22.4, jf. 15    | 18.12.2013 | 19.01.2001    |
| Bergen    | Reimers & Søns eftf. AS, tobakksbutikk, Torvalm. 8                  | 22.4, jf. 15    |            | 22.10.2003    |
| Bergen    | Offentlig ettersyn 29.08.2014                                       |                 |            |               |
| Bergen    | Rådhushusvartalet, del av   | 15              | 19.10.2009 |               |
| Bergen    | Sandviksboder 3, Haukedalsboden                                     | 22.4 jf. 15     | 18.12.2013 | 03.09.2007    |
| Bergen    | Sandviksboder 12-24   | 22.4, jf. 15    | 18.12.2013 | 24.06.1992    |
| Bergen    | Sandviksboder 68a, Lehmkuhlboten                                    | 22.4, jf. 15    |            | 03.07.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt 5.2.2014           |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 69  | 22.4, jf. 15    |            | 08.06.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt i desember 2013    |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 70  | 22.4, jf. 15    |            | 09.06.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt i desember 2013    |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 71  | 22.4, jf. 15    |            | 08.06.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt i desember 2013    |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 71a   | 22.4, jf. 15    |            | 09.06.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt i desember 2013    |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 72  | 22.4, jf. 15    |            | 09.06.2006    |
| Bergen    | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt i desember 2013    |                 |            |               |
| Bergen    | Sandviksboder 78b, Holmefjordboden                                  | 15 (22.4)       | 10.10.2001 | 07.07.2006    |
| Bergen    | Sandviksboder 81, Måseskjæret 10, Måseskjærbot                      | 15              | 04.10.2001 | 22.06.2005    |
| Etne      | Stødle, Sørheim, Austrheim (Stødletteterrassen)                     | 19 (15)         | 29.09.2000 | 29.09.2000    |
| Granvin   | Ystås, gnr 115  | 15, 19          | 19.10.2009 |               |
| Tysnes    | Årbakka (gravsted m/bautasteiner)                                   | 22.4, jf. 19    |            | 17.01.1995    |
| Voss      | Tysk flyvrak, Focke-Wulf 200, styrt i Kvitanosi under 2.verdenskrig | 22.4 jf. 15     |            | 01.08.2005    |
|           | Varsel om oppheving av midlertidig freding sendt 20.12.2013         |                 |            |               |

Hordaland fylkeskommune har ei svært lang liste over fredingssaker som er sett i gang. Mange av dei er gamle. I fleire av sakene er det gjort vedtak om mellombels freding, og fleire av desse er ikkje følgt opp med ordinær fredingssak. Fylkeskommunen har i 2014 heller ikkje hatt den framdrifta som vart lova i rapporten frå februar. Fylkeskommunen har sett seg i ein svært

alvorleg situasjon, og Riksantikvaren ventar at det vert tatt grep om dette. Det er vesentleg at det vert framdrift i sakene.

Når det gjeld fredingssaka for Baroniet i Rosendal, vil Riksantikvaren opplysa om at direktoratet vil sjå på om det er mogleg å bruke kulturminnelova § 22a på delar av området, fordi eidegdomen til Baroniet kan fredast ved forskrift etter kulturminnelova § 22a. Dette kan eventuelt supplerast med kulturminnelova § 15 og 19. Vi vil be fylkeskommunen ta kontakt slik at vi kan få drøfta forskjellige mogleigheter for freding av Baroniet i Rosendal.

Riksantikvaren ser fram til eit godt samarbeid med Hordaland fylkeskommune i 2015.

Beste helsing  
Jørn Holme

Kopi til: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep, 0030 Oslo